

DIKT MØTER TEIKNESERIAR i
eit undervisningsopplegg om
samansette tekstar. **S. 7**

Å LAGE AVIS PÅ DATAMASKIN er ein fin innfallsvinkel til tekstsaping i småskulen. **S. 8**

NYNORSKE VEKEBLADTEKSTAR kan fungere som modelltekstar for elevar som intervjuar kvarandre. **S. 10**

NYNORSKOPPLÆRING

NR. 4 | VINTEREN 2008/2009 | EIT BLAD FRÅ NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

Denne gongen
ser me på emnet
**samansette
tekstar.**



Språk byggjer bruer

I mai 2008 kom Stortingsmelding nr. 23 «Språk bygger broer» frå Kunnskapsdepartementet. Meldinga handlar om språkstimulering og språkopplæring for barn, unge og vaksne. I meldinga er det sagt at departementet vil styrkje nynorskopplæringa gjennom ein tiltaksplan, og det er sett opp fire hovudområde som skal vere med i tiltaksplanen.

Departementet vil styrkje nynorskopplæringa på desse hovudområda:

- nynorsk i kvardagen for barn og unge i barnehage og skule
- nynorskopplæring som er motiverande og gjev betre læringsutbytte
- kompetanseutvikling i nynorsk for lærarar og førskulelærarar
- betre kunnskapsgrunnlag om nynorskopplæringa gjennom statistikk og forskning

Som ein forstår, skal det mykje folk og ressursar til for å utføre arbeidet og få til endringar som monnar på desse omfattande områda.

I denne utgåva av bladet vil me ta for oss området *samansette tekster*, som kjem inn under dei to første hovudområda som er nemnde. Språkstimulering og språklæring er sentrale tema i barnehage og skule i dag, og ein veit at det er stor mangel på multimodale læringsressursar på nynorsk. Ein treng til dømes filmar, barnefnernsyn, dataprogram og dataspel med nynorsk tekst og dialekttale frå heile landet. Det finst ein del gode bøker for små barn på nynorsk, men andre læringsressursar er verkeleg mangelfvare.



Tekster som er samansette med skrift, bilete og lyd, er populære og ofte den dominerande sjangeren for barn og unge. Nynorsk-senteret satsar på å ha ein nettstad der ein kan finne inngang til moderne læringsressursar med samansette tekster som kan vere både underhaldande, lærerike og også vere modellar for barna sine eigne produksjonar av tekster. Både Tekstbasen og nettsida om teikneseriar er gode døme på samlingar av slike tekster, men det trengst mykje meir. Ved å ta i bruk moderne samansette nynorske tekster vil nynorskopplæringa verte meir motiverande og gje betre læringsutbytte.

Anne Steinsvik Nordal, leiar

NYNORSKOPPLÆRING NR. 4, ANDRE ÅRGANGEN

BLADSTYRAR: Arild Torvund Olsen
FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen
SKRIFTER: Auto, Dolly, Fakir og Sauna
SPRÅKVASK: Aud Søyland
PRENTEVERK: Egset trykk AS
ISSN: 1890-3975

Tekstmønsteret på framsida er laga med wordle.net

Nynorsksenteret (Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa) er eit ressurs-senter for nynorsk i grunnopplæringa. Senteret legg vekt på å utvikle metodar og arbeidsmåtar som kan skape språkkompetanse og motivasjon.

NYNORSKOPPLÆRING vert utgjeve av Nynorsksenteret, og kjem med tre nummer i året. Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten. Hugs å sende med namnet og adressa di!

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
Høgskulen i Volda
Postboks 500
6101 Volda
www.nynorsksenteret.no



Les for meg!-vevsida er ei ressurside om nynorske tekstar for dei minste. No kan sida by på ei stor, tematisk lesetipsliste for dei eldste i barnehagen og dei yngste i barneskulen.

Tematiske lesetips for dei små

TEKST: ARILD TORVUND OLSEN

Titlane i lista er kategoriserte i seks hovudkategoriar: natur; vitenskap og filosofi; skule og fritid; leik og fantasi; relasjonar; språk. Innanfor kvar av kategoriane finn du underkategoriar, slik at du lett kan finna fram til tekstar om nett det emnet du er ute etter. På det viset vil lista gjera det lett for skular og barnehagar å finna tips til gode nynorsktekstar til ulike høve, anten ein no arbeider med emne som jul, sysken, bokstavar, å vera lei seg, årstidene eller noko anna. Kvart tips er dessutan merkt med kva teksttype det er (biletbok, dikt, song, fagtekst eller prosa). Lista er sett saman av firmaet Språkfolk i samarbeid med Janne Karin Støylen frå Nynorsksenteret.

Les for meg!-vevsida kan elles by på videoar med føredrag frå konferansen «Språkstimulering» og peikarar til vevstader med nynorske songar og tekstar for born. Sida inneheld òg

*Lesetipslista finn du på
nynorsksenteret.no/lesetips/*

informasjon om antologien *Les for meg!*, ei bok Nynorsksenteret gav i gåve til alle barnehagar og fyrsteklassar i landet.



Kva er ein samansett tekst?

I KUNNSKAPSLYFTET vert *samansett tekst* nytta som eit omgrep for tekst sett saman av til dømes skrift, lyd og bilete i eit samla uttrykk. Omgrepet dekkjer tekstar som biletbøker, teikneseriar, aviser, reklame, vevsider, songar, film og teater. Å kunna lesa ein samansett tekst handlar om å finna meining i heilskapen av ulike uttrykksformer i teksten.

Innhold


Språk byggjer bruer av Anne Steinsvik Nordal	S. 2
Tematiske lesetips for dei små av Arild Torvund Olsen	S. 3
Meir enn Vangsgutane av Astrid Sverresdotter Dypvik	S. 4
Dikt møter teikneserie av Arild Torvund Olsen	S. 7
Avis i småskulen av Øyfrid Garborg Sande Aufles	S. 8
Intervju med pistol og kamera av Hjalmar Eiksund	S. 10
Reklame på nynorsk – kvifor det? av Kristin Kibsgaard Sjøhelle	S. 12
Vevsidetips: Digitale forteljingar av Hjalmar Eiksund	S. 14
Boktips: Dante av Arild Torvund Olsen	S. 14

Har du tips til stoff til bladet? Send det på e-post til ato@hivolda.no.

Ikkje eit vondt ord om Hårek eller Vangsgutane, men det finst fleire teikneseriar på nynorsk. Jorunn Hanto-Haugse og den prislønte Øystein Runde står bak nokre av dei.

Meir enn Vangsgutane

TEKST: ASTRID SVERRESDOTTER DYPVIK TEIKNINGAR: JORUNN HANTO-HAUGSE OG ØYSTEIN RUNDE



På www.nynorsksenteret.no/teikneseriar/ ligg det teikneseriestriper av Jorunn Hanto-Haugse.

Jorunn Hanto-Haugse

– Eg har aldri fått negative tilbakemeldingar på at eg lagar teikneseriar på nynorsk, seier Jorunn Hanto-Haugse. Ho er utdanna biletkunstnar, og står mellom anna bak serien *Skulen*, som starta i Norsk Barneblad i november 2008. Serien har rett og slett skulen som omdreingspunkt, noko som opnar for eit stort persongalleri med små og større elevar og ei rad lærarar. I *Skulen* blir problem som leksefrustrasjon, læringsfrustrasjon og fleire andre utfordringar som høyrer skulen til, lufta.

– Korleis byrja du å laga teikneseriar?

– Eg har vel alltid vore på sporet av det. Eg las mykje teikneseriar då eg voks opp. Donald og Lucky Luke var blant favorittane. Eg byrja med å kopiera dei. Eg er utdanna biletkunstnar, men er glad i teikneseriar fordi eg synest at eg kan kommentera samfunnet betre gjennom seriar enn gjennom måleri. I seriane kan ein bruka humor.

På nettsidene til Nynorsksenteret finst fleire striper frå Hanto-Haugses serie *Reve-land*. Den passar for folk frå 14 år og oppover.

– Kva kjenneteiknar gode teikneseriar?

– Det skal vera eit samsvar mellom spøk og lengda på stripa. Ein må ikkje bruka for lang tid på å pakka ut spøken.

Hanto-Haugse er også oppteken av at karakterane må vera truverdige og konsistente.

– Når eg lagar eit persongalleri, tenkjer eg ut ein bakgrunn for figurane. Det skal ikkje gjerast noko poeng utav denne bakgrunnen i serien, men eg brukar han for å ha eit bilete av korleis figurane reagerer i ulike situasjonar. Dei må vera konsekvente i handling og i språkbruk.

– Teikneseriar har ord på seg for å vera lettbeinte. Mange lærarar ønskjer å få elevane til å lesa skikkelege bøker heller enn seriar?

– Teikneseriar er vanlegvis lettare enn bøker, men når ein snakkar om teikneseriar opp mot bøker, overser ein ofte såkalla *graphic novels* (teikneserieromanar), som kan vera like avanserte og samansette som ein roman.

Favoritten til Hanto-Haugse innanfor teikneserieromanar er *Strangers in Paradise*, av serieskaparen Terry Moore.

– Eg er utdanna biletkunstnar, men er glad i teikneseriar fordi eg synest at eg kan kommentera samfunnet betre gjennom seriar enn gjennom måleri.

Jorunn Hanto-Haugse



- Fødd 1982
- Utdanna biletkunstnar frå Birmingham City University
- Blir publisert i Norsk Barneblad, Hordaland og Megafon
- Nettstad: www.jorunnhaugse.com

På www.nynorsksenteret.no/teikneseriar/ ligg det teikneseriar av Øystein Runde.

Øystein Runde

Teikneseriar kan brukast til mykje i undervisningssamanheng, meiner Øystein Runde. Langt meir enn ein skulle tru.

– Gjennom teikneseriar kan ein lære om dramaturgi, altså korleis forteljingar blir bygde opp. Ein kan også sjå etter kva som blir sagt mellom linene. Teikneseriar kan tolkast og analyserast på same vis som litteratur. Eg synest ikkje at det er noko mindreverdig over teikneseriar, seier Runde.

Han har mellom anna stått bak den surrealistiske serien *Margarin*, der Kristopher Schau skreiv manus. I ungdomsmagasinet *Spirit* har serien *Rundetid* gått i fleire år. *Bjartmann* er namnet på ein annan Runde-serie. I 2007 fekk han Kultur- og kyrkjedepartementet sin pris for beste teikneserie. Det var for boka *De fire store – Når de døde våkner*, som han laga saman med Geir Moen. Den var på bokmål. Elles brukar sunnmøringen Runde nynorsk.

– Har det vore vanskeleg å nå fram på nynorsk i ein bransje som elles er bokmålsdominert?

– Eg har gitt ut ein teikneserieroman på riksmål. Eg fekk ein pris for det, så kanskje er det lettare på bokmål? Nei, eg trur eigentleg ikkje det. *De fire store* var eit prosjekt eg jobba med lenge. Eg ønskjer å bruka nynorsk, men å gjera det i samanheng der det elles blir brukt

bokmål. Eg har ikkje møtt verken hysteri eller jubel for det, eigentleg.

– Kvifor vil du laga teikneseriar?

– Teikneseriar er effektiv formidling. Ei undersøking som blei gjennomført av det amerikanske forsvaret for nokre år tilbake, konkluderte med at teikneseriar var den mest effektive måten å informera på. No har vel truleg dataspel gått forbi teikneseriar. Men teikneseriar når fram til folk.

For Runde handlar det også om å nå ut.


– Viss elevane er i stand til å lesa, så kan dei lesa teikneseriar. Om du er romanforfattar og skriv ei lang bok om eit kronglete emne, får du ikkje så mange lesarar. Dessutan er det slik at berre halvparten av dei romanane som blir kjøpte, blir lesne. Men alle teikneseriar som blir kjøpte, blir lesne. Og dei blir vanlegvis også lesne av fleire.

– Kven er dine personlege favorittar?

På *Kloden* av Ola A. Hegdal likte eg godt. No er han blitt manusforfattar i *Hallo* i uken, og lagar ikkje lenger teikneseriar.

Også Hegdals serie var på nynorsk.

Runde nemner elles Knut Nærum og seriane som blei gitt ut på forlaget No Comprendo Press som favorittar.



Øystein Runde



- Fødd 1979
- Står bak seriar som *Bjartmann*, *Rundetid*, *Soga om Olav Sleggja*, *Futen* og *De fire store*
- Fekk Noregs Mållag sitt nynorskstipend i 2008
- Nettstad: www.rundefamily.com

Teikneseriar er ei form for samansett tekst som opnar for mange arbeidsmåtar. Ein innfallsvinkel til emnet kan vera å samanlikna teikneseriemediet med andre medium, for slik å læra meir om likskapar og ulikskapar mellom media.

Teikneserie møter dikt

TEKST: ARILD TORVUND OLSEN

Aldersgruppe

Opplegget er laga for elevvar i den vidaregåande skulen.

Mål for opplegget

Målet for dette undervisningsopplegget er at elevane skal kunna vurdera bruk av estetiske verkemiddel i ulike medium, jf. kompetansemåla i norsk etter Vg2, og samanlikna og vurdera tekstar som vert overførde frå eitt medium til eit anna, jf. kompetansemåla i norsk etter Vg3.

Førearbeid

Du som lærar må sjølvstilt ha sett deg inn i emnet før du skal byrja opplegget. Bakgrunnsstoff finn du på teikneseriesida til Nynorsk-senteret. Elevane bør helst ha lært ein del om verkemiddel i ulike medium på førehand. Det kan òg vera ein føremon at dei har arbeidd noko med diktet «Song til ein orm» av Tor Jonsson. Med mindre kvar elev sit på ei eiga maskin med tilgjenge til nettet, må du dessutan skriva ut teikneserien «Song til ein orm» på førehand. Du finn både diktet og teikneserien på teikneseriesida til Nynorsk-senteret.

Framgangsmåte

1. Ha ei idémyldring i klassen på likskapar og ulikskapar mellom teikneseriar, filmar og skriftlege tekstar. Få elevane til å nemna verkemiddel, og diskuter om verkemidla er mediespesifikke eller vert nytta i fleire medium.

2. Lat elevane arbeida, i grupper eller ein og ein, med å sjå på korleis Runde i teikneserien *Soga om Olav Sleggja* nyttar Tor Jonsson-diktet «Song til ein orm».

Spørsmål dei kan drøfta, er:

- Kva verkemiddel vert nytta i teikneserien?
- Korleis er samspelet mellom diktet og bileta? Kva gjer bileta med diktet, og omvendt?
- Er det nokon av verkemidla i teikneserien som òg vert nytta i filmar?

- Er det verkemiddel i teikneserien som er mediespesifikke, dvs. at ein berre kan finna dei i teikneseriemediet?
- Er det, sjølv om heile teksten frå diktet er med i teikneserien, noko som forsvinn i overføringa frå dikt til teikneserie?

Når du går rundt og hjelper elevane med spørsmåla, kan du mellom anna spora dei inn på bruken av vinklar og utsnitt som eit døme på likskap mellom filmmidiet og teikneseriemidiet. Bruken av ulike rutestorleikar for å påverka leserytmen kan nemnast som eit døme på eit verkemiddel som er mediespesifikt for teikneseriemidiet.

3. Lat elevane få presentera funna sine for klassen, og drag liner til idémyldringa dei hadde i byrjinga, slik at elevane kan få reflektera over særpreg og eigenart i ulike medium, og likskapar mellom dei.

Ressursar

- Bakgrunnsstoff: www.nynorsksenteret.no/teikneseriar/opplegg.html
- Teikneserieforteljinga «Song til ein orm»: www.nynorsksenteret.no/teikneseriar/sleggja.html
- Diktet «Song til ein orm»: www.nynorsksenteret.no/teikneseriar/song.html

«EIN HEST ER STOLEN!», «Kreset bil» og «Di blei verdens Mestere». Kva er no dette? Jau, dette er nokre av overskriftene frå aviser ein barneskuleklasse i Kviteseid har laga. Kan dei minste på barnesteget lage avis? JA!

Avis i småskulen

TEKST OG FOTO: ØYFRID GARBORG SANDE AUFLES



Kvifor skal 1.–4. klasse arbeide med avis?

Avis er eit medium ungane møter heime, på butikken og bensinstasjonen. Elevane er tidleg klar over at i aviser kan ein lese om sport, krig, teikneseriar og anna dagsaktuelt stoff. Kombinasjonen av ulike tema passar ungar godt med tanke på stoffval til eigne aviser.

Avisene vert publiserte, og elevane kjenner mottakarmedvit. Avis er ekte saker. Dette skjerpar krava både til teikning og tekst hos barna. Dei får òg god øving i samspelet mellom bilete og tekst.

Avis er motiverande, og får også med gutane på ein naturleg måte i skulearbeid, sidan dei får skrive og teikne ut frå eigne idear og interesser. Dette gjeld så klart òg jentene, men dei er ofte i utgangspunktet meir motiverte og finmotorisk flinkare i skulearbeid i seks–sju-årsalderen enn gutar. Med eigne val av tekst og bilete får elevane vist kva dei kan. Meistringskjensla er høg, og alle elevane er svært fornøgde med sluttproduktet.

Kunnskapslyftet

Aviskriving på PC på småskulesteget oppfyller mange av kompetansemåla i norsk for denne aldersgruppa. Elevane får under hovudområdet *samansette tekstar* i Kunnskapslyftet

«arbeide kreativt med tegning og skrivning i forbindelse med lesing», «uttrykke egne tekstopplevelser gjennom ord, tegninger ...» og «samtale om hvordan ord og bilde virker sammen i bildemedier». Frå fyrste til siste fase i arbeidet med avis får ein òg dekt mange av kompetansemåla under hovudområda munnlege og skriftlege tekstar. Elevane får «fortelle sammenhengende om opplevelser og erfaringer», «lytte og gi respons til andre i samtaler, under framføringer og ved høytlesing» og «bruke datamaskin til tekstsaking».

Tredje klasse ved Kviteseid skule har bruka PC til tekstsaking frå fyrste klasse. PC-en er ein fantastisk skrivereiskap for barn i byrjaropplæringa. Bokstaven kjem rett veg kvar gong, det er enkelt å endre storleik og å rette/justere ein tekst. Ein slepp krøllete ark og kjensla av å ikkje meiste skrivning dei fyrste skuleåra. Nynorsk og bokmål byrja me å snakke om frå skulestart i 1. klasse. Ungane vart fort fortrulege med desse omgrepa. Utover i 2. klasse la me særleg vekt på «eg», «ein», og «ikkje».

«Avisene vert publiserte, og elevane kjenner mottakarmedvit.»

Førebuing

Før ein startar, bør ein sjå på lokal-, region- og landsaviser i ei fellesøkt med elevane. Kva type stoff finn ein i aviser? Kva med storleiken på bokstavar i overskrifter samanlikna med skriftstorleiken i resten av teksten? Og nesten det viktigaste i avis: Kor stor plass tek biletet? Korleis er tilhøvet mellom bilete og tekst i aviser?

Gjennomføring

Ha ei felles idémyldring før klassa byrjar å arbeide. Kva kan me skrive om i vår avis? Skriv forslaga ned på eit ark. Klassa vert delt inn i skrivepar, som lærar har bestemt på førehand. Gut og jente på om lag same nivå utnyttar best munnleg og skriftleg kompetanse hos kvarandre i tekstsaking. Par der ei jente og ein gut skal samarbeide, er ofte meir ueinige i kva som skal vere med i teksten. Dette fører til meir diskusjon og lengre tekstar. Både vil

ha med sine meiningar i skrivearbeidet. I avis kan det verte ei utfordring å samarbeide med motsett kjønn, men det har gått utruleg bra. «Bestevener» vert fort einige, og det resulterer ofte i kortare tekstar.

Den ferdige teksten kan med eit lett tastertrykk organiserast i ulike skriftstorleikar og i ekte avisspalter. Tekstspaltene limer ein på teikningane.

Når det gjeld teikning, må ein minne elevane om at avisbilete er i svart-kvitt fordi ein ikkje får kopiert fargane på kopimaskina. Det er òg praktisk med ståande A4-format i høve tosidig kopiering. Ein må dessutan minne elevane om at i avis er det berre eitt til to bilete til kvar tekst, for elles vert det teikneserie.

Avisa bør få eit fast namn. I tillegg kan ein skrive på årgang og nummer. Framsida og rekkjefølgja på elevarbeida kan du som lærar og «redaktør» setje saman ut frå innhaldet i avisa.

i praksis: nynorsk som sidemål i grunnskulen

Ressurspakken *i praksis: nynorsk som sidemål i grunnskulen* er ei samling med kortfilmar. Filmene syner undervisningspraksis som er fagleg solid og som engasjerer elevane. Kvar film dokumenterer eit konkret undervisningsopplegg.

www.skuleipraksis.no

Mange nyttar høvet på starten av skuleåret til å la nye fjes intervju kvarandre. Inkluderer ein datamaskinen med nokre enkle biletprogram og litt teksthandsaming, kan ein gjere dette til eit arbeid med samansette tekstar.

Intervju med pistol og kamera

TEKST: HJALMAR EIKSUND

www.nynorsksenteret.no/tekstbasen

Bruk søkjefunksjonen og skriv inn «ELLE interiør».

Aldersgruppe: ungdomsskule

Ein samansett tekst skaper meaning gjennom ein kombinasjon av modalitetar eller uttrykksmåtar. I dømet under er val av bilete og passande fargar, og dessutan plasseringa av tekstelementa, med på å understreke kven intervjuobjektet eigentleg er, og kva type tekst dette handlar om.

Revolverintervju med stiftepistol

Eit revolverintervju er på mange måtar prototypen på det vesle, effektive intervjuet, med kjappe spørsmål og ofte like kjappe svar. Dømet vi viser til, er henta frå bladet *ELLE interiør*, men er òg å finne på nettsidene til *Tekstbasen*, den internetbaserte sakprosasamlinga til Nynorsksenteret.

ELLE interiør har interiør og møblar som tema, og for å understreke dette har journalisten valt å døype om tittelen til *stiftepistolintervju*. Intervjuobjektet vi viser til, er jazzsongaren Beate Slettevoll Lech frå gruppa *Beady Belle*.

Oppstart av undervisningsøkta

Start med å sjå på intervjuet med Beate Slettevoll Lech – anten på PC eller fargekopi – og gjer elevane merksame på kva ulike typar tekst som er i bruk. Kva er det som gjer teksten til ein vekebladtekst? Er sidetal, namnet *ELLE* og namn på forfattar og fotograf synlege nokon stad? Kvar er ingressen og biletteksten plasserte? Er bruken av fargar tilfeldig, eller er det noko som går igjen? Er det til dømes tilfeldig at overskriftene og tekstboksane er i dei same fargane som ting på bileta? Kva med tittelen?

Alle desse ulike verkemiddela er med på å gjere teksten interessant å lese, og det er gjennom å gjere elevane merksame på slikt, at omgrepet samansett tekst verkeleg kjem til sin rett.

Intervju

Elevane får i oppgåve å lage eit liknande intervju med arbeidsmakkaren, og teksten skal sjølvstøtt vere på nynorsk. Ein kan godt bli

einige i fellesskap om kva spørsmål ein vil bruke. Dette kan vere med på å lette intervju-situasjonen for elevane, og det kan òg gjere det enklare for kvar einskild å lese gjennom alle intervjuar og dermed danne seg inntrykk av heile klassa.

Fotografering

Bilete høyrer med. Om ikkje skulen har digitaltamera ledige, har mange elevar i dag eigne mobilar med kamera. Ein kan til dømes ta bilete av kva som finst i sekken, i pennalet, kva klede intervjuobjektet nyttar, sko, briller, lekseboksider etc. Eit poeng må vere å skaffe seg eit omfangsrikt inntrykk av kven intervjuobjektet er – òg gjennom bileta.

Vidare arbeid

Ferdigstillinga av intervjuet skjer på datamaskinen. Etter å ha importert og plassert bileta i teksten kjem turen til redigeringa. I dei vanlegaste teksthandsamarane (MS Word og OpenOffice) finst det verktøy for topp- og botntekst, storleik og fargeval av teksten. I tillegg er det mogleg både å gjere bileta større og mindre.

Vel ein òg å la teksten flyte fritt, kan ein plassere bileta kvar ein ønskjer i teksten. Eitt

av måla må vere å få intervjuet til å likne mest mogleg på stiftepistolintervjuet i dømet.

Nynorsk

Dette opplegget kan knytast til mange kompetansemål, både innanfor samansette tekstar og skriftlege tekstar (sjå boksen til høgre). For elevar med bokmål som opplæringsmål kan nynorsk fort bli eit usynleg skriftspråk utanfor skulen. Det er derfor lurt å bruke nynorske døme i populære tema, slik at dei får trening i nynorsk. At ein i tillegg dekkjer andre emne i læreplanen, er berre eit pluss.

Kompetansemål etter 10. årstrinn

Dette opplegget kan mellom anna knytast til desse kompetansemåla:

- eleven skal kunne tolke og vurdere ulike former for samansette tekstar
- eleven skal kunne bruke ulike medium, kjelder og estetiske uttrykk i eigne norskfaglege og tverrfaglege tekstar
- eleven skal kunne vurdere estetiske verkemiddel i samansette tekstar henta frå informasjons- og underholdningsmedium, reklame og kunst og reflektere over korleis vi blir påverka av lyd, språk og bilete
- eleven skal kunne lese og skrive tekstar i ulike sjangrar, både skjønnlitterære og sakprega, på bokmål og nynorsk



Reklamen som sjanger er ikkje noko nytt arbeidsfelt i norskfaget. Både biletreklame og reklame med lyd og film er takksamt materiale å arbeide med fordi desse tekstane ofte er tydelege i uttrykksforma og har klar mottakarorientering. Men kva plass har den nynorske reklamen i mediebiletet og i klasseromma, og kvifor skal vi nettopp gløtte litt ekstra på slike reklamar?

Reklame på nynorsk – kvifor det?

TEKST: KRISTIN KIBSGAARD SJØHELLE

I bladet *Nynorskopplæring* nr. 2 presenterte vi eit opplegg der elevane produserer eigne biletreklamar, og der nynorsk er bruksspråk gjennom heile arbeidet. Opplegget, som passar for både ungdomstrinnet og vidaregåande trinn, opnar for at elevane sjølve kan velje kva dei vil reklamere for, og kva signal dei vil skal nå lesaren. I etterkant av dette arbeidet har eg diskutert med elevane korleis dei opplever det å bruke nynorsk som reklamespråk, og då kjem dei gjerne til at det ikkje gjer store skilnaden.

Nynorsk reklametekst – går det an?

Når vi jobbar med samansette tekstar med elevane, er gode døme og modellar heilt sentralt for arbeidet. Men den nynorske reklamen er ei mangelvare i den verkelege reklameverda, særleg i nasjonale medium. Spørsmålet om kvifor nynorsk ikkje blir brukt meir som reklamespråk, har vore på dagsordenen dei siste åra. I ein artikkel på NRK kultursidene i 2003 slår Paal Tarjei Aasheim frå reklamebyrået JBR fast at nynorsk ikkje eignar seg som reklamespråk. Det ville ikkje bli godt motteke hos alle dei som ikkje liker nynorsk, hevdar han.



Reklame for heile folket

I lys av ein slik kommentar er det interessant å lese kva grunnar Stabburet hadde då dei lanserte den nye Grandiosa-pizzaen sin fem år seinare. Dei valde ein nynorsk tekstforfattar til å skrive ein song for eit av produkta sine. Teksten fekk følgje av ein kjend poplåt og ein

video som viser korleis alle slags folk går mann av huse etter den nye pizzaen.

– Det vi tenkjer, er at Grandiosa er for alle, difor gjer vi det på nynorsk denne gongen, seier informasjonssjefen for Stabburet i eit intervju i Nationen.

Og akkurat denne tanken er ikkje Stabburet åleine om. Sætre kjeks hadde ei kanskje endå tydelegare melding til brukarane, der dei spelar på det å nå alle med sitt produkt. «Vi er glade for å informera deg om at Bokstavkjeks ikkje forskjellsbehandlar NYNORSK og BOKMÅL ...» heiter det i reklamen deira. Og nettopp det å bruke både nynorsk og bokmål side om side gjev eit tydeleg signal om at ein ønskjer å møte eit breitt spekter i folket. I boka si *På mange måtar* analyserer Anne Løvland ein annonse for Kirkens Nødhjelp som er skriven på begge målformene. Ho les annonsen som eit ønske om å framstå geografisk og kulturelt nøytral når han finst både på bokmål og nynorsk.

Målform som eigen modalitet

Når ein analyserer ein reklame med nynorsk som reklamespråk, er det interessant å trekkje fram språkvalet som ein eigen modalitet i

«Når ein analyserer ein reklame med nynorsk som reklamespråk, er det interessant å trekkje fram språkvalet som ein eigen modalitet i reklamen»

reklamen, og stille spørsmålet om kvifor nynorsk er valt. I fleire reklamar vil det nettopp vere tankar bak, anten det handlar om å vise at ein har eit breiare nedslagsfelt i folket eller vise ein slags nøytralitet. Ein kan òg lese språkvalet som noko som støttar opp om resten av uttrykket i reklamen. Det kan vere nynorsk er valt for å understreke at produktet kjem frå ein spesiell plass i landet, som i Lerums reklamar for saft, jus og syltetøy. Her kan ein tenkje seg at reklameskaparen òg bruker nynorsk reklamespråk som ein eigen modalitet for å skape eit heilskapleg bilete av opphavet til produktet. Ein understrekar det naturlege, reine og ikkje minst det tradisjonsbundne med språket i kombinasjon med dei andre modalitetane. Reklamen er med på å skape avstand til det urbane, og får fram det bonderomantiske og heilnorske.


Tine meieri tek det nasjonalromantiske konseptet endå litt vidare i ein reklame for eplejuice. Ein eigen versjon av Tidemand og Gude sitt klassiske «Brudeferden i Hardanger» er sjølve ramma for reklamen, og dermed er lesaren allereie på plass i noko velkjend og velbrukt. Med den nynorske biletteksten «Epleferda i Hardanger» gjer reklameskaparen det tydeleg korleis språket spelar på lag og leikar med uttrykket i biletet.

Reklamearbeid i klasserommet

I kompetansemåla for norskfaget har reklamen ein naturleg plass under samansette tekstar. Elevane skal kunne skildre estetiske uttrykk

i reklamen og drøfte ulike funksjonar som er knytte til språk og bilete. Dei skal òg kunne tolke og vurdere samspelet mellom munnleg og skriftleg språk, bilete, lyd og musikk, rørsle, grafikk og design, og vise samanhengen mellom innhald, form og formål. Denne kompetansen skal dei sjølv sagt kunne bruke både til å produsere eigne tekstar, og til å lese, analysere og forstå andres tekstar.

Erfaringa mi er at ungdommar har brei kompetanse når det gjeld å lese ut verkemiddel og modalitetar i reklame. Ein jobbar på deira banehalvdel fordi dei sjølve tek stilling dagleg til reklame som nettopp rettar seg til denne aldersgruppa. Nynorsk som reklamespråk er likevel ikkje noko dei ser rundt seg for ofte, og det kan derfor vere interessant både å diskutere temaet med dei og oppfordre dei til å analysere språket som ein eigen modalitet i den samansette teksten.




Tips til vidare arbeid med reklame

- **Intervju i Nationen 08.02.2008 «Grandiosa på nynorsk»**
<http://www.nationen.no/mat/article3336747.ece>
- **Reportasje på NRK kultursidene 25.02.2003 «Heller urdu enn nynorsk»**
<http://www.nrk.no/nyheter/kultur/2564420.html>
- **Reklamane det er vist til, finst i Tekstbasen:**
<http://www.nynorsksenteret.no/tekstbasen>
- **Undervisningsfilm om arbeid med nynorsk reklame**
http://www.skuleipraksis.no/pages/filmene/reklame_pa_nynorsk.html
- **Fagbok om samansette tekstar: Anne Løvland (2007): På mange måtar**

VEVSIDETIPS

PRESENTERT AV Hjalmar Eiksund



Digitale forteljingar (www.digitalefortellinger.com) og Photo Story 3 for Windows (www.microsoft.no)

Vevsidetipset denne gongen er eit sett av to uavhengige nettressursar. Den eine kan fungere som inspirator og motivator i arbeidet med samansette tekstar, den andre er eit gratisprogram som kan vere nyttig i arbeidet med digitale forteljingar.

Ei digital forteljing er òg ein samansett tekst, men her er bilete og lyd dei berande elementa. I digitale forteljingar er det presentasjon av ei oppleving, eit minne eller eit synspunkt som står i sentrum. Presentasjonen er

ein kort film sett saman av private bilete og filmar, med eit opplese manus og musikk ved sida av. Digitale forteljingar er eit konsept som stammar frå USA, der den første arbeidsverkstaden blei arrangert på byrjinga av 1990-talet. I dag blir digitale forteljingar brukte i ulike prosjekt over heile verda.

Denne fine samlinga av norske døme er det Flimmer film i Bergen som står bak. Sidan februar 2007 har dei arrangert filmverkstader ulike stader i landet.

Sams for alle forteljingane er deltakarane som fortel om noko med utgangspunkt i ein personleg eigedel. Filmene er ikkje eksplisitt på nynorsk, men fleire er lesne inn på dialekt, eller med eit nynorsknært talemål og kan fungere som inspirerende døme for liknande elevprosjekt i skulen. Microsoft har eit gratisprogram til nedlasting – Photo Story 3 – som eignar seg godt til å lage digitale forteljingar.

BOKTIPS

PRESENTERT AV Arild Torvund Olsen



Marcello Toninelli: *Dante: Den guddommelege komedie som teikneserie – Helvetet*

TransFe:r 2007

Til nynorsk ved Bodil Moss

I Kunnskapslyftet kan me lesa at det er eit mål at elevane, når dei er ferdige med vidaregåande skule, skal kunna samanlikna og vurdere tekstar som vert overførde frå eitt medium til eit anna. Teikneserieutgåva av *Helvetet* er eit godt utgangspunkt for å ta opp og drøfta slike emne. Italianaren Marcello Toninelli har laga ein humoristisk teikneserieversjon av det kjende visjonsdiktet til Dante, og det vesle for-

laget TransFe:r har gjeve ut ei norsk utgåve, omsett av Bodil Moss.

Utgjevinga inneheld mange former for omsetjing og overføring, mellom anna frå vers til teikneseriestripe, frå gammaltestamentlege tankar til moderne humor og frå italiensk til nynorsk. Til dømes er det interessant å sjå korleis Marcello har teke forteljinga frå diktverk til stripeserieformat. I teikneserieutgåva av *Helvetet* har kvar stripe eit sluttpoeng, og dei kunne slik ha fungert relativt greitt som frittstående vitsestriper. Samstundes skapar

einskildstripene ei samanhengande forteljing som gjev godt innsyn i handlinga i komedien. Teikneserien er òg krydra med mange sitat frå Dante. I den norske utgåva er desse sitata henta frå Magnus Ulleland si omsetjing. Men Marcello gjer meir enn berre å attfortelja visjonsdiktet til Dante; han leikar seg med det, parodierer det og puttar inn referansar til det moderne Italia. Slik kan teikneserien fungere både som ei innføring i og ein moderne kommentar til *Den guddommelege komedie* og Dante.



www.nynorsksenteret.no

Tekstbasen

WWW.NYNORSKSENTERET.NO/TEKSTBASEN/

Tekstbasen er ei samling av nynorske sakprosaetekstar – alt frå reportasjar til reklame. Tekstane er autentiske tekstar henta frå ulike aviser, blad og nettstader.

På nynorsk

WWW.NYNORSKSENTERET.NO/KURS/

På nynorsk er eit undervisningsopplegg om tekst og tekstgrammatikk med utgangspunkt i nynorsk tekst. Det gjev ei enkel innføring i teksttypar, sjangrar og det nynorske formverket, med døme frå moderne tekstar.

Nynorskbok.no

WWW.NYNORSKBOK.NO

Nynorskbok.no inneheld tips til nye, gode nynorske bøker som høver for ulike aldersgrupper. Tipsa er sorterte etter sjanger, emne og aldersgruppe.


Teikneseriar

WWW.NYNORSKSENTERET.NO/TEIKNESERIAR/

På vevstaden www.nynorsksenteret.no/teikneseriar finn du nynorske teikneseriar av ulike slag. Vevstaden kan òg by på lærarressursar og sider med tips og triks for elevar som vil læra å teikna og skriva teikneseriar.


B

NOREG



P.P.

Returadresse: Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda

Tevling



Her er nokre spørsmål du kan bryna deg på i vintermørkret. Dei fem fyrste som svarar rett på alle spørsmåla, vinn boka *Les for meg!* og ein CD med musikalen *Grammatikk og kjærleik*. Send svara på e-post til ato@hivolda.no.

- 1) Kven har laga teikneserien *Reveland*?
- 2) Kva år prenta Norsk Barneblad teikneserien *Smørbukk* for fyrste gong?
- 3) Kven har omsett teikneserieversjonen av *Den guddommelege komedie* frå italiensk til norsk?
- 4) Kven har skrive kjærleiksdiktet «Saknad»?
- 5) Kva heiter frontfiguren i gruppa *Beady Belle*?
- 6) Kven har laga teikneseriekurset «Kva du kan gjere med ein teikneserie som du ikkje må fortelje mor di»?
- 7) Kva heiter Nynorsksenteret si vevside med nynorske sakprosaetekstar?
- 8) Kven har skrive boka *Harry Houdinis elefant*?

Svara kan du finna ved å leita i bladet og på dei ulike vevsidene våre.

Nynorskopplæring er gratis, og kjem med tre nummer i året. Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten. Hugs å sende med namnet og adressa di!

Gamle nummer ligg ute på vevsida www.nynorsksenteret.no/blad/